

**Fra:** [Johann Roppen](#)  
**Til:**  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 44/2020, 10. DESEMBER  
**Dato:** torsdag 10. desember 2020 07:47:53

---

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 44/2020, 10. DESEMBER**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **KORONA: FRAMLEIS UKJENT SMITTEKJELDE I VOLDA**

Volda kommune har informert om få nye smitta i Volda dei siste dagane og dei siste tilfella har alt vore i karantene. Men det er framleis ukjent smittekjelde for einskilde smitta. Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

### **JULEVERKSTAD FOR STUDENTAR SOM FEIRAR JULA I VOLDA**

Velferdsgruppa arrangerer torsdag 17. desember juleverkstad for studentar som planlegg å feire jula i Volda. Verkstaden vert i kantina kl 14.00-19.00. Tips gjerne studentar du møter på din veg om dette. Det vert mogleg å lage julepynt som ein kan ta med seg heim, og vert sjølvstekt servert gløgg og kanskje noko å bite i. Alt innanfor gjeldande reglar for smittevern. Tilsette er sjølvstekt velkomne innom for å slå av ein førjulsprat med studentane.

### **HVO-JURISTAR GIR RÅD OM DELING AV BARNEBILDE I JULA**

Førsteamanuensis Ellen Lexerød Hovlid og høgskulelektor Ingvild Sande Lillebø ved Høgskulen i Volda oppmodar vaksne til å være bevisste på kva dei delar av bilde og videoar av eigne og andres barn. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **STYREMØTE (1) SISTE STYREMØTE I 2020: TORSDAG 10. DESEMBER**

Høgskulestyret har sitt siste møte i 2020 den 10. desember med møtestart klokka 09.00. Møtet blir strøyma på video og [lenke til møtet finn du her](#). Styresakene blir sende til styret og [kan lesast på denne nettsida](#). På dagsorden i møtet står blant anna studieportefølje, planar og budsjett for 2021.

### **STYREMØTE (2): ORIENTERING FRÅ REKTOR**

Rektor gjev på kvart styremøte ei kort orientering til høgskulestyret om viktige ting som har skjedd sidan førre styremøte. [Orienteringa vert også lagt ut på rektorbloggen litt før møtestart.](#)

### **STYREMØTE (3) LITEN KORONAEFFEKT VÅREN 2020**

I orienteringa til høgskulestyret melder rektor Johann Roppen at det for våren 2020 er vanskeleg å sjå ein tydeleg koronaeffekt i form av fråfall og stryk. Dei førebelse tala og vurderingane frå Studieadministrasjonen tyder på at både oppmøteprosent og strykprosent er innanfor normale variasjonar. I alt var det 4.135 studentar som melde seg opp i ein eller fleire eksamenar på Høgskulen i Volda våren 2020. I alt gjennomførte dei 6.196 eksamenar med ein strykprosent på ca 5,1%. Det var ca 8,4 prosent som trekte seg frå eksamen.

### **FÆRRE STUDIEPOENG: LITEN NEDGANG FRÅ 2019-2020**

Studentane på Høgskulen i Volda tok våren 2020 studiepoeng som tilsvarte 1.511 heiltidsekvivalentar (60 studiepoeng). Det var ein nedgang på ca 1 prosent frå året før. Talet på samla studiepoeng er summen av studiepoeng på alle eksamenar avlagt med med stått karakter dividert på 60 studiepoeng. Sidan talet på studentar har auka mykje dei siste åra betyr dette at kvar student i gjennomsnitt tek færre eksamenar og dermed får færre studiepoeng.

### **HUSBYGGING (1): STENGT INNGANGSDØR I HANS STRØM-HUSET**

Hovuddøra i Strøm-huset mot Berte Kanutte-huset er stengt igjen på grunn av byggearbeid. Døra blir stengt ut året. Døra har vorte stengt på grunn av byggearbeid i det nye "mellombygget" mellom Hans Strøm-huset og Sivert Aarflot-huset. Inngangsdøra i kjellaren vil vere tilgjengeleg, og inngangsdøra i Ivar Aasen-huset blir open som vanleg.

### **HUSBYGGING (2) ... MEN JOPLASSVEGEN OPNAR IGJEN**

Etter å ha vore stengt sidan hausten 2019 vert Joplassvegen opna att sidan den nye idrettshallen Volda Campus Sparebank1 Arena står ferdig no i desember 2020.

### **HUSBYGGING (3) MANGE NYE PARKERINGSPLASSAR**

Parkeringsplassane ved idrettshallen vert gratis tilgjengelege for alle, og det gjeld også i parkeringskjellaren. Så kvardagen blir litt lettare for mange høgskuletilsette og studentar i tida framover. Alle nybygg brukar å ha sine innkøyringsproblem så alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje nøye med på skilting og varsel på og ved Joplassvegen og i parkeringskjellaren.

### **SPØRJEUNDERSØKINGAR: INN MED NETTSKJEMA - UT MED SURVEYXACT**

Høgskulen i Volda skal nytte systemet "Nettskjema" til digitale spørjeundersøkingar. Dette betyr at SurveyXact ikkje lenger vil vere tilgjengeleg for våre tilsette og studentar etter 31. desember 2020. Dersom du har undersøkingar du ønsker å ta vare på, må du sjølv gå inn og laste ned data og ev. spørjeskjema innan utgangen av 31. desember 2020. [Her er ein kort video som viser korleis ein går fram for å laste ned data frå SurveyXact](#). Denne informasjonen er også lagt inn i Canvas.

### **NYTT OM TILSETTE PÅ HØGSKULEN I VOLDA**

[Merete Rotevatn](#) er tilsett i fast stilling som rådgjevar i studieadministrasjonen. [Maia Lisa Hjelmseth Vik](#) er tilsett i fast stilling som seniorkonsulent i studieadministrasjonen. [Førsteamanuensis Helga Synnevåg Løvoll](#) er prodekan på Avdeling for kulturfag fram til 31. juli 2022. [Anders Aanes](#), AHL, har fått fast stilling som høgskulelektor i norsk. [Eli Margrethe Fjeldseth Røys](#), ASH, har fått opprykk til førstelektor. På AHL har fleire tilsette blitt pensjonistar ved eller rundt årsskiftet: [Professor Jorunn Hetland](#), [førsteamanuensis Katrin Lunde](#), høgskulelektor Kjetil Saanum og [professor II Johan Myking](#).

### **HAR DU REGISTRERT PUBLISERINGANE DINE? CRISTIN-FRIST 15. JANUAR**

Seinast 15. januar 2021 må fagtilsette ha registrert FoU-arbeid frå 2020 i Cristin-systemet. [Her er lenke til Cristin-pålogging](#). Ta gjerne kontakt med [rådgivar Geir Tangen](#) om du har spørsmål om registrering.

### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrerer publiseringane dine i Cristin](#).

### **PUBLISERINGAR (2): NYE RAPPORTAR, STUDENTOPPGÅVER OG ANDRE ARBEID**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, rapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

### **PUBLISERINGAR (3) LØVLIE OG MEIER I "NORWEGIAN-AMERICAN ESSAYS 2020"**

To tilsette ved Institutt for Religion og livssyn (IRL) er representerte med artiklar i ein engelskspråklig publikasjon: [Norwegian-American Essays 2020: Migration, minorities and](#)

freedom of religion. Dosent em. Birger Løvlie har skrive artikkelen "Debating Church and State in a Transatlantic Context". Førsteamanuensis [Ralph Meier](#) har skrive artikkelen "Norwegian-American Lutheran Identity in America until 1917: The Norwegian Synod, its Affiliation with the Missouri Synod, and Doctrinal Controversies".

#### **PUBLISERINGAR (4) NY BOK FRÅ FORSKARGRUPPA RELIGION OG LIVSSYN**

[Professor Knut-Willy Sæther](#) og [professor II Anders Aschim](#), begge Institutt for religion og livssyn (IRL), AHL, har redigert boka "[Rom og sted: Religionsfaglige og interdisiplinære bidrag](#)" som no har kome ut på Cappelen Damm Akademisk. Boka er også skrift nr 37 i [skriftserien Kyrkjefag profil](#). Boka sprang ut ein forskingskonferanse i 2019 og eit forskingssamarbeid i regi av forskargruppa Religion og livssyn ved Høgskulen i Volda. Boka har også bidragsytarar frå Universitetet i Oslo, Høgskolen i Innlandet, NTNU, VID vitenskapelig høyskole og Det teologiske menighetsfakultet. Frå Høgskulen i Volda bidreg ni forskarar, dei fleste frå IRL:

[Førstelektor Bente Afset](#)

[Førstelektor Ragnhild Fauske](#)

[Førstelektor Kristin Hatlebrekke](#)

[Førsteamanuensis Hildegunn Valen Kleive](#)

[Førsteamanuensis Jonas Gamborg Lillebø](#)

[Førsteamanuensis Ralph Meier](#)

[Professor Knut-Willy Sæther](#)

[Professor II Anders Aschim](#)

Marianne Hustvedt, AHL/IRL

[Førsteamanuensis Helga Synnevåg Løvoll, AKF](#)

#### **PUBLISERINGAR (5) NORSK-DANSK BOKSAMARBEID:**

##### **"FEEDBACKKOMUNIKATION"**

Tre tilsette på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) har bidrege med artiklar i boka "[Feedbackkommunikation i et didaktisk perspektiv](#)" som har kome ut på det danske forlaget Dafolo. Bidragsytarane frå Høgskulen i Volda er: [Førsteamanuensis Wenke Mork Rogne](#), [høgskulelektor Kim-Daniel Vattøy](#) og [professor Siv Måseidvåg Gamlem](#).

#### **PUBLISERINGAR (6) BASTIANSEN I MEDIEHISTORISK TIDSSKRIFT**

[Professor Henrik Bastiansen](#), AMF, har publisert artikkelen "[Kan mediehistorien kaste nytt lys over miljø- og klimakrisen?](#)", i Mediehistorisk tidsskrift. Artikkelen er ei vidareutvikling av eit føredrag på årsmøteseminalet til Norsk Mediehistorisk Forening på Litteraturhuset i Oslo i mars 2020.

#### **PUBLISERINGAR (7) BASTIANSEN HAR FÅTT FAST SPALTE I MEDIEHISTORISK TIDSSKRIFT**

[Professor Henrik Bastiansen](#), AMF, er [leiar i Norsk Mediehistorisk forening](#) og har fått ei fast spalte i Norsk Mediehistorisk tidsskrift. I siste utgåve av tidsskriftet har han skrive artikkelen: "Hvordan skal vi plassere smarttelefonen i mediehistorien?". Artikkelen har sprunge ut av FoU-prosjekt "Exploring Digital Media History" som [Bastiansen også har omtala på si nettside på hivolda.no](#). Her er lenke til tidsskriftet: <http://www.mediehistorisk.no/medietidsskrift-nr-2-2020-34/>

#### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020-2021**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

10.12.2020: [Styremøte](#)

08.-12.2.2020: Internasjonal veke

04.03.2021: [Styremøte](#)

18.-19.03.2021: Avdelingsseminar, ASH

29.04.2021: [Styremøte](#)

10.06.2021: [Styremøte](#)

16.-17.06.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde  
09.09.2021: [Styremøte](#)  
24.-28.09.2021: [Forskningsdagane 2021](#)  
01.10.2021: 50-års jubileum for [Avdeling for mediefag](#)  
20.10.-21.10.2021: [Styreseminar og styremøte](#)  
29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#)  
03.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)  
09.12.2021: [Styremøte](#)

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

10.12.2020: [Orientering til høgskulestyret i høve styremøte 10.12.2020](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)